



Sebastian Nilsen og Ludvig Fjell gjer strandhogg i Beinavikjo.

Fredag i veka som var, dukka det opp to padlarar på Trelastkaaien i Beinavikjo. Det var Sebastian Nilsen frå Lillestrøm og Ludvig Fjell frå Rena. Turen gjekk frå Bergen til Rosendal med strandhogg i Uskedalen. I 2007 padla dei frå Kinsarvik til Fredrikstad på 12 dagar. Begge er erfarne padlarar og legg gjerne ut på lange turar, om ein berre har tid til det.

Sebastian er bonde og driv med korn, storfe og skog. Ludvig lagar hundeutstyr, mellom anna seletøy og halsband. Utstyret vert produsert for vidare sal i dyrebutikkar. Jobb og familie gjer at ein ikkje kan vera så lenge borte no som før.

Turen gjekk med privatbilar til Bergen. Med havkajakkar er det trygt og godt å ta seg fram på sjøen. Fyrste natta overnatta dei på ein holme ved Flesland flyplass. Det var mykje bråk der. Andre natta var på eit skjer i innløpet til Lukksund. Tredje overnatting vert ein plass ved Rosendal. Etter nokre dagar i Kvinnerød med ein fjelltur, vert det retur med Rødneruta. Avtale om å ta kajakane med på Rygerfonn er i boks.



Alt er pakka og klargjort for siste etappe mot Rosendal.

Sebastian og Ludvig har padla saman sidan dei var 14 år. Til Uskedalen kom dei gjennom Mjødmasund. Padlarane har alt utstyr med i kajakken,- mat, drikke, telt, kart, primus, kler, flytevest, årepose og pumpe dersom uhellet er ute ved kvelving. Det er svært sjeldan at ein går rundt.

Etter ein 3 timars stopp i Uskedalen og litt handling på SPAR, gjekk turen vidare inn Storsund mot Rosendal.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal